



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		11951/2011/S82/&13	Joralf Flataukan	02.03.2011


## MELDING OM VEDTAK - UTGREIINGSOMRÅDE HAVVIND

Vi viser til tilsendt høyringsdokument om utgreiingsområde for havvind og til vårt brev datert 02.02.2011 med melding om foreløpig vedtak i saka. Fylkesutvalet har i møte 21.02.2011 gjort følgjande uttale i saka:

*Fylkesutvalet i Møre og Romsdal er nøgd med at det no blir starta ein prosess med mål å klargjere område for utbygging av havbasert vindkraft og vil peike på følgjande moment som bør leggst vekt på i den vidare prosessen:*

- Utgreiingsområde Frøyabanken har stort konfliktpotensiale innan fiskeri og petroleum. Desse interessene må leggst stor vekt på i utgreiingsarbeidet vidare.*
- Det må vere eit krav at før eit område blir endeleg klarert for bygging av vindkraftanlegg så må det ligge føre seismikk og eventuell prøveboring som avklarar området sitt potensiale i petroleumssamanheng.*
- Utgreiingsområde Stadthavet ligg i det såkalla Mørebassenget. Det er viktig av fiskeri og petroleumssinteresser blir avklara som ein del av planprosessane.*
- Utbyggingsområda utanfor MidtNorge manglar fullstendige registreringar av sjøfugl og sjøpattedyr. Det må derfor gjennomførast slike registreringar før konsesjon for utbygging blir gitt.*
- Havsul II i Giske og Haram kommunar er tidlegare konsesjonsbehandla etter energilova og gitt avslag med grunngjeving at ein vil hauste erfaringar med Havsul I før konsesjon blir vurdert på nytt. Ein ber om at det blir vurdert om denne utgreiinga er tilstrekkeleg eller om Havsul II skal konsekvensutgreiast etter havvindlova før ny vurdering av konsesjon blir gjort.*

Ovanstående uttale er i sin ordlyd lik tidlegare oversendt vedtak frå Nærings- og miljøutvalet.

Med helsing  
  
Olav Bratland  
fylkesordfører

  
Ottar Brage Guttelvik  
fylkesordfører